



Gudsteneste på Øyrane ved Likjevatnet sommaren 2000. Foto: Olav Solheim.

Nord for Storevatnet i Norddalsfjord finst tufter etter ein støl som tilhørde Kalsvikane i Eikefjord. Historia her er spesiell. Rakel Kalsvik, som hadde denne stølen, var fødd på Solheim i Norddalsfjorden i 1861. I 1889 vart ho gift med Mathias Kalsvik og flytte då til småbruket hans i Kalsvikane. I løpet av 13 år fekk Rakel og Mathias 9 born. Men gleder over ein stor barneflokk vart iblanda tunge stunder. I 1904 døyde Mathias. Rakel sat då att med 9 ukonfirmerte born.

Det var nok ikkje all verda med utmarksarbeite i Kalsvikane, i alle høve var det lite av det feite fjellgraset. Det er rimeleg at det var dei tre brørne

hennar heime i Norddalsfjord som hjelpte Rakel med å skaffe seg støl nord om Storevatnet. Dei var alle bygningsskyndige. Det er elles usikkert kor lenge Rakel dreiv denne stølen, men truleg 15–20 år, frå litt før 1900 til ein del år etter.

Og det var Rakel sjølv som var bu-deie her. Med seg på stølen hadde ho dei yngste borna. Dei eldste var heime og tok seg av garden, med slått o.a. Og her nord for Storevatnet budde Rakel med ein del av borna heile sommaren. Ho ysta og kinna smør. Ein gong i veka rodde ein eller fleire av dei eldste borna frå Kalsvikane, ut Eikefjorden, gjennom Brandsøy-

Størfura nord for Storevatnet.
Ikkje lett å femne.
Foto: Aart Verhage.



Foto: Astrid Ellassen.



Rakel og Mathias Kalsvik.
Foto: Ukjend.

sundet, inn Norddalsfjorden til Smaløyra, også kalla Gravstadøyra. Så tok dei beina fatt, opp til Likkjevatnet og rundt til Øyrane. Derfrå gjennom Skaret til Storevikja og stølen. Der fekk dei sikkert god rømmask med alt godt til. Og så – etter kanskje og å ha hogge opp ved til ystinga – bar det same vegen heim att. Då hadde dei med seg surmjølk og andre produkt.

Bufirda til Fessestølen hadde ei litt anna rute. I ein stor, god robåt frakta dei kyrne over fjorden til Tonheim. Så vart kyrne drivne over fjellet til Stølsøyra sør for Norddalsfjorden. Igjen i båt, no over Norddalsfjorden til Smaløyra. Og til sist gjennom eit nokså uryddig terreng til Likkjevatnet, Øyrane, Storevikja – og så etter ei lang ferd – til stølen.

Rakel for nok ikkje over fjellet når ho skulle til støls. Ho rodde ut Eikefjorden og inn att Norddalsfjorden. Men frå Smaløyra måtte ho gå – ei kjempeutfordring for ei kvinne som alt i ung alder var nokså ufør og måtte gå med stavar.

På kartet er teikna inn stølsvegen frå Kalsvikane til Fessestølen. Men den er berre merka frå gravstaden på

Nordalen til stølstuften på Fessestølen. Bilen kan du parkere ved gravstaden. Så følgjer du jordbruksvegen til Bjønnabeten nord for Likkjevatnet. I Rakel si tid var denne strekkja svært uryddig, med steinurar og sumpar i mellom. På vegen opp mot Likkjevatnet finn du namneskiltet Lindene. Her veks det lind – eit varmekjært tre. I det heile finst det mykje varmekjær skog – eik, svartor m.m. – i det unike landskapet som opnar seg når du kjem opp til Likkjevatnet. Her møter du det mektige og spesielle konglomeratområdet som strekkjer seg frå havet i vest til Hyefjorden i aust. Keipeformasjonane og hyllene skriv seg frå den kaledonske fjellfoldinga for 350 – 400 millionar år sidan. Då vart havbotnen løfta opp, om lag som skruis.

Samspelet mellom mektige fjellformasjonar, store vassflater, varmekjær skog og gammal, grov furuskog gjev ei sterk naturoppleving i dette området.

Frå Bjønnabeten er det vidare god merking inn til Øyrane, ein fin rasteplass og turmål for skuleklassar og familjar. I Likkjevatnet er det og rike-

leg med fisk. Over Hestedalselva er det bru. Stien går vidare inn gjennom det tronge skaret og over i Storevikja. Her møter du kraftig flott fureskog. I tidlegare tid vart tømmer frå områda rundt Likkjevatnet, Storevatnet, Fessevatnet fløyta ned Nordalselva når vassføringa var høveleg.

Når du først er i dette området, er det bryet verdt å ta ein tur opp til storfura, eit par hundre meter nord for skiltet på Kleiva. Det gjev retningsgen. I brysthøgda er kringmålet 3,81 m. Fura blir rekna som den største i Flora og ber namnet «Skogamora».

Frå Kleiva er det berre nokre få hundre meter langs godt merka råk fram til stølstuften, der vi vonar mange vil setje seg ned og reflektere over den nøysemd, djervheit og styrke våre formødre – og forfedre – må ha hatt.

Vil du vite meir om Rakel Kalsvik, denne sterke kvinna, finn du ein artikkel i Floraminne 2007.

HESTEDALSTØLEN

På veg inn mot Hestedalselva møter du retningsskiltet Hestedalstølen. Det peikar mot ei råk opp bergja mot Hestedalsheia. Det er vel verdt bryet å ta ein avstikkar opp dit. På tre kvarter til ein time er du oppe. Råkja har nok vore mykje nytta. Ein stad, ved Klovetroppa, finn du mange namn hogge inn i berget. Her har det nok vore eit kvile på veg til stølen. I Hestedalsheia er det ei godt bevart stølstuft. Truleg har stølen her opprinneleg tilhøyrt garden Nord-Bakkjen på Nordalen. Dei siste som nytta denne stølen, var Ytste Øyna, bruket lengst vest på Nordalsøyna. Dette bruket var i si tid utskilt frå Nord-Bakkjen. Kona på Ytste Øyna, Sofia, var sjølv budeie her. Men ei tung hending førte til at ho ikkje orka å vere på stølen meir. På veg heim frå stølen, sommaren 1913, fall ein av sønene, Anton, i ein alder av knapt 20 år, i Nordalselva og drukna. Stien til Likkjevatnet, gjekk opp nær elva. Kort veg opp for der brufestet på fylkesvegen er i dag, ved Styggbakken, eit stygt svaberg, sklei han ut i elva og omkom. Etterpå vart det sett opp eit rekkverk å halde seg i der.

Etter denne tragiske hendinga, fekk Ytste Øyna bygt seg sel på Nordalstølen, på sørsida av fjorden. Der kunne Sofia støyle saman med dei andre budeiene frå Nordal.

RAMSLAUK

Ramslauken er ein liljeplante. Det er ein av dei plantane ein kan lukte lenge for ein ser han. Den både luktar og smakar sterkt av lauk, og blir i våre dagar hausta som matplante. Dette vart han nok og i nokon grad brukt til fôr. Derimot var det lite populært at husdyra beita på han. Då vart mjølka utskjemd av smaken. Det var kanskje helst geitene som kom bort i denne planten, som veks i frodige lauvtreier, gjerne i krattskog opptil bjørkebeltet. Ramslauken blomstrar i juni, men som matplante er han best å hauste i mai, då er blada friske og eigrøne.

